



Dato: 3. september 2019 Frå/til: kl 10-14  
Referent: Mari Flaatten Iversen Møteleiar: Øystein Vidar Strand  
Saksnr.: 19/4408  
Til stades: Frå Vestland fylkeskommune:  
Rune Haugsdal, prosjektleder/fylkesrådmann  
Per Morten Ekerhovd, fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering  
Ronny Skaar, kommende seksjonssjef kulturutvikling  
Ingebjørg Erikstad, ass.fylkesdirektør næring og kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå Kulturdepartementet:  
Øystein V. Strand, avdelingsdirektør i avdeling for medier og kunst  
Ellen S. Tauland, avdelingsdirektør i administrasjonsavdelingen  
Ole Fredriksen, avdelingsdirektør i avdeling for sivilsamfunn og idrett  
Mari F. Iversen, seniorrådgiver i avdeling for medier og kunst  
Hallfrid Velure, seniorrådgiver kulturvernavdelingen

Frå KS:  
Line Anni Solbakken, spesialrådgiver kultur

Frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet:  
Lise Wilhelmsen, rådgiver i kommunalavdelingen

Fråverande:

Kopi:

## **Referat – møte 3. september 2019 - Vestland fylkeskommune – drøfting av oppgåvedeling på kulturområdet**

Nr.	Sak og konklusjon
1.	<b>Mål og grunngjeving for oppgaveoverføring</b> Kulturdepartementet starta møtet med ein presentasjon av kulturpolitiske mål og grunngjeving for regionreformen på kulturområdet. Motivasjonen for å drøfte ansvars- og oppgåvedelinga ligg forankra i regionreformen, men uavhengig av det er det behov for å styrke dialogen mellom forvaltningsnivåa, jf. kulturmeldinga. Det er eit mål å få til at den nasjonale kulturpolitikken heng betre saman, og har betre samhandling. Når ein her snakkar om den nasjonale kulturpolitikken meiner ein summen av den kommunale, fylkeskommunale og

	<p>statlege kulturpolitikken. Kulturdepartementet ønsker å legge ut oppgåver for å spreie makt, få til større engasjement for kulturpolitikk og legge til rette for lokale og regionale prioriteringar.</p> <p>Vestland viste til brev til Kulturdepartementet av 27. august med 11 prinsipp for drøfting av oppgåveoverføringer. Prinsippa er forankra i politiske vedtak. Vestland fylkeskommune meiner organisasjonen har kapasitet og kompetanse til å handtere vesentleg større oppgåveportefølje enn i dag på kulturområdet, og er opptatt av at fylkeskommunen får eit reelt handlingsrom til å gjere prioriteringar om vidare utvikling ved overføring av oppgåver.</p>
2.	<p><b>Gjennomgang av dei tre oppgåve- og ansvarsområda</b></p> <p>Kulturdepartementet redegjorde for dei tre oppgåve- og ansvarsområda jf. invitasjonen til møtet. Partane sine forslag til oppgåveoverføringer og oppgåver med delt ansvar, og vurderinger av Kulturrådet si tilråding til oppgåveoverføring vart drøfta i møtet.</p> <p>Gjennomgang av handlingsalternativ for overføring av budsjettmiddelet frå staten til fylkeskommunane: Innlemming i rammetilskotet vs. særskilt fordeling i tabell c-fk vs. øyremarking av tilskot (60-post) på KUD sitt budsjett.</p> <p>Dialog i møtet om det er råd å utvikle ein felles portal for søknad og rapportering på kulturområdet for å forenkle søknadsbyråkratiet, og gje felles kunnskapsgrunnlag og innsamling av statistiske data.</p>
3.	<p><b>Andre oppgåver</b></p> <p>Det vart drøfta om det er råd å overføre større ansvar på området kulturell og kreativ næring frå staten til fylkeskommunane for å stimulere til regional bransjeutvikling.</p> <p>Vidare var det dialog om potensielle samarbeidsmodellar for oppfølging av utvalgte nasjonale kulturpolitiske mål.</p> <p><u>Til oppfølging:</u></p> <p>Det går ut brev frå Kulturdepartementet i etterkant av møtet med orientering om endringar i DKS-ordninga.</p>
4.	<p><b>Planlegging av regionale møter</b></p> <p>Dialog om vidare prosess og innretning på regionale møter med involvering av kultursektor og kommunar. Vestland har allereie gjennomført møter med tre kommunar med eigarskap i kulturinstitusjonar, og vil gjennomføre møter med samtlege kommunar med delt forvaltningsansvar/eigarskap for kulturinstitusjonar i løpet av hausten.</p> <p><u>Til oppfølging:</u></p> <p>Vestland foreslår dato for møter regionalt mellom fylkeskommunen,</p>

	<p>Kulturdepartementet, kommunar og kulturinstitusjonar i regionen. Vestland vurderer innretning på møta og kva aktørar som bør inviterast.</p> <p>Kulturdepartementet og Vestland samarbeider om agenda for møta.</p>
5.	<p><b>Nytt politisk møte og videre politisk behandling</b></p> <p>Kulturdepartementet orienterte om planar for eit nytt kulturpolitisk toppmøte mellom den politiske leiinga i KUD og nye fylkespolitikarar etter valet. Målet med møtet er å gje ei statusoppdatering og ha ein dialog om kor prosessen går framover. 25. november 2019 er tentativ dato for eit slikt møte. Det er også avtalt eit administrativt møte mellom KUD og fylkeskultursjefskollegiet 11. oktober 2019.</p> <p>Regjeringa legg fram sitt forslag til oppgåveoverføringer i Kommuneproposisjonen for 2021 og budsjettproposisjonane for 2021. Vestland må ta ansvar for den naudsynte politiske forankringa i fylkeskommunen undervegs i prosessen.</p>
6.	<p><b>Dialog frå 2021</b></p> <p>Det vart drøfta korleis det kan leggast til rette for systematisert dialog etter implementering av oppgåveoverføringane. Det vart konkludert med at årlege kontaktmøter mellom staten og fylkeskommunane på administrativt nivå, med dialog om budsjettprioriteringar, bør leggast til perioden november-januar.</p> <p>Vestland spelte inn at den regionale planprosessen kan involvere kultursektoren i tillegg til kommunane og innebere eit samarbeid mellom staten og fylkeskommunen. Det er truleg ikkje hensiktsmessig å involvere breidt i dei årlege kontaktmøta mellom KUD og fylkeskommunen, men samtalane kan baserast på forankra planprosessar. Dialogen bør omhandle forvaltningsnivå sine prioriteringar.</p> <p>Regjeringa si kontaktkonferanse vart nevnt som ein relevant etablert arena for politisk dialog om utvikling av den nasjonale kulturpolitikken.</p>